

## REFERAT FRÅ HESTEUTSTILLINGANE I VÅR:

Fyrst litt generelt for alle utstillingane. Der var på alle 4 godt ver. Mykje fin hest møtte. Når det gjeld utstillinga på Stav så er det ei utstilling for Dølehest og Nordlands/Lyngshest. Det er berre hingstar og alle hingstar frå dei fylka frå Nord-Trøndelag og sørover møter der. Alderen er 3 år og eldre. Dei kan ikkje møte andre stader her sør. I Nord-Norge har dei ein liknde utstilling. Når det gjeld Nordfjordeid så er det det same for Norsk Fjordhest. Det er berre på Nordfjordcoid dei kan møte her sør.

STAV 23 til 25 april.

### DØLEHEST:

Klasse 1 A Der møtte 4 hestar. Eldre hestar som er premierte for Sogna Blesen eigar Margareth Fosseng, Gran Hesten fekk 2 pr. og stilt som nr. 1 i kvalitet.

Klasse 2A Hingstar 4 og 5 år kåra før og har avlgt utvida bruksprøve. Her vart Gjerde Blesen eigar Torhild H. Gjerde, Leikanger stilt som nr 1 i kvalitet. Hingsten fekk 1.premie.

Klasse 2B Ikkje Kåra før. Her møtte berre 1 og den vart ikkje kåra.

Så er det den store klassen, nemleg hingstar 3 år. Her møtte 14 hingstar og 7 vert Kåra. Dette er hingstar som skal inn i avlen. og for å få pr. må dei neste år på utvida bruksprøve. Klassane er dei same for alle rasar så det skriv eg ikkje om seinare.

HER VERT Nybakk Frøyar Eigar Steinar Erland Bakken, Fageræss i Valdres kåra og stilt som nr. 1 i kvalitet.

Ingen Hingstar frå Rogaland møttr

Nordlands/Lyngshest.

Her møtte ingen i klasse 1.

2A Her møtte der 4 stk.

Skogans Crane Eigar Ina og Ole Jonny Tufteland Fitjar hingsten fekk 2 pr og stilt som nr. 1 i kvalitet.

Klasse 2B Her vert Sogmoprinsen eigar Ida Silsth Bakken Cussiås Kleive kåra og stilt som nr ein i kvalitet. Ingen frå Rogaland stilte i desse klassane

Så klasse 3. Her møtte berre 8 hingstar men heile 7 vert kåra

Her tek eg med dei som møtte frå Rogaland samt den beste

hingsten.

Målfrid Garvik ; Soredalen Sviland møtte med to st.

Vest Trym Vert Kåra men Skogans Frikk var den einaste som ikkje vert kåra

Eigerøy Lyngguttan eigar Asbjørn Larsen, Sandeid vert Kåra Solvangs Brim Eigar Anette og Gurrorm Garvik, Noredalen Sandnes vert kåra.

Heile 4 av dei 8 møtt kom frå Rogaland og tri vert kåra eit bra resultat.

Best i klassen vart Bjørke Brage eigar Juvet Hingstegård Nore i Numedal.

NORDFJORDEID 6 til 8 Mai

her er det berre fjordhest som kan møte.

Klasse 1A her møtte 4 hingstar 2 av dei fekk 1. pr.

Perakrossen, eigar Hol og Ål fjordhestlag fekk 1. pr. og stilt som nr. I i kvalitet. Den vert også kåra til dagens hest

Som ordet seier så er det dagens beste hest.

Torsetblakken eigar Siri Merete Endal Nordfjordcid fekk også

1. pr. 1B Dette er hingstar som er 6 år og eldre, men som

tidlegare ikkje er pr. eller kåra, Her møtte der 2 hingstar.

Stian Nesvik frå Vigrestad møtte med Isidor. Ein svensk Fjordhest. Hingsten til like med den andre som møtte vert diverre ikkje kåra.

Klasse 2A 4 møtte. Her vert Kuling til Åse Gjesdal

Ålgård. Hingsten fekk 2. pr og stilt som nr I i kvalitet

Hingsten er fødd hjå Åse Ravndal Figgjo. Mora er fødd hjå

Oddvard Rosland, Orre

Klasse 2B her møtte der 3 hingstar men berre ein vert

kåra. Lia- Rappen eigar Kai Henning Stein, Ål vert kåra og

stil som nr I i kvalitet.

Lia Rappen er leigd av Jæren Fjordhestlag og den

skal sleppast med hopper på Sikvaland 13 juni.

Klasse 3 her møtte 20 stk. 8 vert kåra. 2 av hingstane

kom frå Rogaland men ingrn vert kåra. Ein av dei kåra er fødd

på Jæren. Nemleg Vesle Frikk Romann som er fødd hjå Oddvard

Rosland Orre. Eigae Karin Vollo og Marie Kolstad; Hemsedal

Så Oddvard Rosland gjorde det godt på den utsillinga. Far til

Oddvard, Lars Rosland er vel den som steller mest med hestane

der i garden.

Fjelltor, eigar Even Myklebust og Knut R Hjelle, Ørsta vert kåra og stilt som nr. I i kvalitet.

Her i Nordfjordeid er det tradisjon at flest mulig av dei framviste hestane vert leide elle ridde gjennom sentrum av Nordfjordeid. Det er eit fint opptog, med hornmusikk og politi bil mrd blinkandr blålys først i toget.

Så er det dei to unghestsjåa som vert haldne i Rogaland eit i Sauda og eit på Tu skule.

Her er klassane inndelte på ein annan måte. Her går ein etter alder og kjønn. Hingstar får berre møte som eit og toåringar, medan hoppene får i tillegg møte som 3 åring.

Først Sauda som var lørdag 15 mai.

Sauda kunne i år feira 30 år med utstilling av unghest

Ein som heite Gunnar Herheim hadde møtt me hest i alle 30 åra

og det fekk han diplom og pokal for. Gunnar er halv jærbu. Mora

er frå Vigrestad og kona frå Rosland ,Orre. No har også tredje

generasjon Herheim byrja som utstillar, slik at dei no er 3

generasjonar som stiller ut hest.

Klasse 1 Hingstar 1 år Dølahest. ein møtte.

Jonsstjernen, eigar Tina Marie Larsen Sveio sl. og stilt som nr I i kvalitet.

Klasse hpper 3 år. her møtte 2 stk.

Stokka Line eigar Per Østrått, Stokka Sandnes. fekk ekstra sløyfe og stilt som nr. I i kvalitet

Hopper 2 år. her møtte heile 7 stk. 6 fekk sløyfe og to av desse fekk ekstra sløyfe.

HerheimsLina eigar Johannes Herheim vert stilt som

nr. I i kvalitet. Johannes er tredje generasjon Herheim som før omtala.

ØverlandsMykla eigar Gerd og Per Østrått, Stokka Sandnes fekk også ekstra sløyfe og stilt som nr. II i kvalitet.

Hopper 1 år. her møtte 5 stk.

Jonsstjerna, eigar Astrid Øglend og Paulfinn Torland

Mauland, Bryne fekk sløyfe og stilt som nr, I i kvalitet.

## Fjordhest:

Hingstar 2 år. Ein møtte. Fønix. Eigar Stian Nesvik Vigrestad fekk sl. og stilt som nr. I i kvalitet.

Hingstar 1 år. 4 møtte, men berre to fekk sløyfe og begge stilt i kvalitet. Nr I i kvalitet: Øvrabø Jagar, eigar Kjersti Eikemo Nesflaten.

Hopper 3 år. 2 møtte og begge fekk sløyfe.

Fatnes Mira eigar Marta B Lunde og Sven hoftun Suldalsosen fekk sløyfe og stilt som nr. I i kvalitet.

Hopper 2 år. heile 7 møtte alle fekk sløyfe.

Nr. I i kvalitet vert Kaldheims Silje Eigar Kristin Vinsrygg Haugesund. Hoppa fekk ekstra sløyfe og i tillegg vart h dagens hest.

Hopper 1 år 6 møtte og derav 5 stilt i kvalitet.

BjellandsFreia vert stilt som nr. I i kvalitet

Eigar Ingeborg Bjelland Stord.

Nordlands/Lyngshest.

Hingstar 2 år, 1 møtte men fekk ikkje sløyfe

Hingstar 1 år. ein møtte og fekk sløyfe.

Hopper to år, 1 møtte og den vert stilt i kvalitet.

Hoppa heiter Ires Silvana Eigar silje og Siri Torbergesen, Hervik

Hopper 1 år. Ei møtte og fekk sløyfe

Så er det slik på unghestsjåa at alle godkjende rasar som er i Noreg kan møta.

Tinker.

Hingstar 2 år 2 møtte berre 1 fekk sløyfe

Hopper 3 år Ei møtte og ho fekk sløyfe.

Hopper to år. 1 møtte og ho fekk sløyfe og stilt i kvalitet

eigar Mona Helgeland Maurland Nedstrand

Pinto: Hopper 1 år. ei møtte og fekk sløyfe og stilt som nr.

ikvalitet Hoppa heiter Kaiza van Codex. Eigar Linn Karin Strømme Sandved på Karmøy

Shetland: Hingstar 2 år ein møtte og fekk sløyfe.

Hopper 3 år. ei møtte. Gipsys Candy Girl eigar Merete Birk

Haugesund vert stilt som nr I i kvalitet.

Hopper 1 år. Møtte. Her vert Adriane Eigar Anita Skeie Vorme-

strand, Vikedal stil som nr. I i kvalitet. Anita som berre er 9 år fekk også napp i vandrepokalen som beste mønstrar

TU SKULE Bryne 29 mai

Varmblods travar. Hingst 2 år. Ein møtte og fekk sløyfe

Terning, eigar SOLVEIG S Larsen Vigrestad fekk sløfe og stilt som nr. I i kavalitet.

Hopper 3 år. 4 møtte. Roslands Juni eigar Oddvard Rosland, Orre vert stilt so nr I i kvalitet.

Så er det slik for fjordhest hopper to og tri år at dei beste tevla om å få ein ekstrapr. Nemleg Rogalandspokalen. Som i år var eit fat. RoslandsJuni vant også den for 3 åringane

Hopper to år. ei møtte: Solsidens Kamilla, eigar

Kristin Vinsrygg vert stilt som nr. I i kvalitet.

Her vert det også tevla om rogalandspokalen. Og då Krstin hadde den beste på i Sauda og Tu så måtte ho få den Kalheims Silje som møtte i Sauda vant.

I åe er det for første gang oppsett ein vandrepokal for beste mønstrar og Kristin vann også den.

Hopper 1 år ei møtte: Roselilja Eigar Sigmund Nesvik Vigrestad fekk sløyfe og stilt som nr I i kvalitet. Sigmund møtte også med ei ettårs hoppe i Sauda Rutti heite ho og vart stil som nr II ikvaliret.

Nordlands/Lyngshest.

Hingstar 2 år Engdal Sander. Eigar Johan Nesvik og Ute Mahlitz Hognestad. Sløyfe og stilt som nr. I i kvalitet.

Hingstar 1 år. Ein møtte. Engdal Sheridan Same eigar som den forrige sløyfe og stilt som nr. I i kvalitet.

Varmblods ridehest. Hopper 3 år. Tri møtte alle fekk sløyfe men ingen i kvalitet.

Lipizzaner. Hingstar eit år. 1 møtte og fekk sløyfe

Pinto: Hingstar 2 åe. Ein møtte og fekk sløyfe

New Forest. Hoppe 3 år. 1 møtte.

Zerrlin Eigar Malin Sheie Orre fekk sløyfe og stilt som nr, I i kval  
Zettlin vert også kåra til dagens hest.

Shetland: Hopper två år begge fekk sløyfe.

Rosalita Eigar Ann Lise Vagle Gandal vert stilt som nr I i kvalitet

Hopper 1 år. Ei møtte og fekk sløyfe.

*Olav Spanne*  
Olav spanne